
Fra: svarer-ikke@dss.dep.no
Sendt: 24. oktober 2017 07:29
Til: !Postmottak OED
Emne: Nytt høringssvar til 17/1697 - Høring - Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker
Vedlegg: Høring - forskrift om kommunens myndighet i mi (L)(696779).pdf

Kategorier: Lilla kategori

Referanse: 17/1697
Høring: Høring - Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker
Lvert: 24.10.2017 07:29
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Justis- og beredskapsdepartementet
Kontaktperson: Elin M Elverhøy
Kontakt-e-post: elin.elverhoy@jd.dep.no
Tittel: Forskrift om kommunar sitt mynde i mindre vasskraftsaker
Uttalelse:

Vi viser til brev 27. september 2017 frå Olje- og energidepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande innspel:

Utkastet til forskrift bør kunne forenklast på nokre område. Framlegget til § 1 fastset ikkje noko eigentleg verkeområde for forskrifta, og det er ikkje behov for ei slik føresegn i lova.

I framlegget til § 2 kan det i fyrste ledd til dømes heite: «Kommunens myndighet til å treffe vedtak om konsesjon etter vannressursloven § 64 andre ledd omfatter ikke følgende vannkraftverk:».

Så kan oppstillinga koma som i framlegget, men ordet «vannkraftverk» bør takast inn fyrst i dei ulike bokstavpunkta. I bokstav c kan det til dømes heite «vannkraftverk som berører flere kommuner» og bokstav g bør truleg utformast noko annleis enn i framlegget, til dømes «vannkraftverk som bør vurderes sammen med...».

Framlegget til tredje ledd kan takast inn som fyrste ledd andre punktum, der det til dømes kan heite «Norges vassdrags- og energidirektorat treffer vedtak om konsesjon for vannkraftverk som omfattes av første punktum.»

I andre ledd bør det heite «Alle søknader om konsesjon sendes til...».

I framlegget til § 3 bør det i fyrste punktum heite «Kommunen skal ved utøvelse av myndighet etter vannressursloven § 64 andre ledd ta utgangspunkt i...», og i andre punktum bør det heite «Fastsettelse av konsesjonsvilkår skal...». Overskrifta her kan til dømes lyde «Utøvelse av kommunens myndighet.»

Vedlegg: Høring - forskrift om kommunens myndighet i mi (L)(696779).pdf (76,45 KB)

